

**Fra:** Kenth Paul Opheim (Kent.Paul.Opheim@samnanger.kommune.no)

**Sendt:** 01.04.2016 13:13:13

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Roald Aandahl; Hilde-Lill Våge

**Emne:** Søknad om tilskot til TS plan

**Vedlegg:** image001.jpg

**Søknad om midlar til Trafikksikringsplan**

Samnanger kommune har som mål å skape trygge skulevegar, men stirr med relativt store utfordringar knytt til infrastruktur. Fleire av dei viktigaste skulevegane går langs veger utan fortau, og born er tvungen til å nytte same trase som bilar, bussar og tungtrafikk. I tillegg stirr me med fleire uoversiktlege avkjørsler og kryss og har dårleg med planar for avkjørselssanering. Om me skal ha moglegheit til å få gjort noko med dette er det av stor betyding at me får kartlagt situasjonen og lista og vurdert naudsynte tiltak.

Samnanger kommune er i gong med rullering av kommuneplanen sin arealdel, og det ville vert ein stor fordel om arbeidet med trafikksikringsplan kunne gått parallelt med kommuneplanarbeidet. På den måten kan ein sikre at det blir innarbeidd rekkjefølgjekrav for utbygging slik at til dømes felt ikkje vert bygd ut før til dømes avkjørselssanering, fortau eller andre trafikktryggingstiltak er på plass.

Me har diverse ikkje plankapasitet til å utføre to så store planoppgåver samtidig, og det vil difor vere trøng for konsulenthjelp.

Det meste av arbeidet kan vi få til ved eigeninnsats, men det er fleire oppgåver me treng hjelp til. Samnanger kommune har ikkje henta inn tilbod på konsulenthjelpa, men har sett opp følgjande budsjett for kva me ut frå tidlegare erfaringar meiner er naudsynt for å få utført arbeidet.

Oppgåve	Timar	Pris	Sum
Ulukkesanalyse	30	1100	33000
Systematisering av resultat frå spørjeundersøking	15	1100	16500
Barnetråkk (kartlegging og digitalisering)	15	1100	16500
Bornehageveg (kartlegging og digitalisering)	15	1100	16500
Skuleveg (kartlegging og digitalisering)	15	1100	16500
Vurdering av TS tiltak	10	1100	11000
Supplerande trafikkteilingar	24	1100	26400
Sette opp rangering og grovestimere kostnad for tiltak	10	1100	11000
Bistand og fagleg rettleiing ved utarbeiding av rapport	25	1100	27500
Totalt trøng for konsulenthjelp			<u>174900</u>

**Me vil difor med dette søkje om eit tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan på 175.000,-**

Med vennlig hilsen

Kenth P. Opheim

Teknisk sjef

## **Arbeidet vil omfatte**

### Visjon og målsetting

Kommunen vil sjølve utarbeide visjonar og målsetting for arbeidet. Det ligg allereie politiske føringer i anna overordna planar. Arbeidet vert utført ved eigeninnsats.

### Dagens organisering av trafikksikkerheitsarbeidet i kommunen

Kommunen vil ved eigeninnsats omtale dagens situasjon og organisering av trafikksikringsarbeidet. Kommunen har visjon om å verte ein trafikksikker kommune, og vil søkje å følgje nasjonale og regionale retningsliner for trafikksikkerheisarbeidet i kommunen. Me tar her utgangspunkt i rettleiaren til trygg trafikk.

### Registreringar og problemanalyse

På dette punktet har kommunen trong for å leiga inn hjelp. For å få eit oversyn over den faktiske situasjonen i kommunen er det viktig å få kartlagt kor ulukkene faktisk skjer. I første omgang legg me her opp til uttrekk frå NVDB, eventuelt supplert med skademeldingar om det er særskilte område som skil seg ut. I tillegg ønskjer me ved spørjeundersøking å kartlegge kor trafikantane i dag følar seg utrygge og kor elevar og skuleborn faktisk går. Dette er særsviktig for å kunne følgje opp med til dømes rekkefølgjekrav i overordna planverk. Kommunen manglar gode analyser på fleire området, alt frå registrering av barnetråkk, snarvegar, skulevegar, farlege kryss og avkjørsler m.m. Alt analysearbeid har vi sterkt trong for å få sett ut, grunna at vi ikkje har tilstrekkeleg analyseverktøy til å utføre oppgåvane. Erfaringsmessig er det ikkje tilstrekkelig trafikkdata i vegdatabanken til å utføre naudsynte trafikale analysar for dei verste ulukkespunktene. Me legg difor opp til å utføre tre supplerande manuelle trafikktiljingar i arbeidet. ( 3x6t).

### Organisatoriske tiltak

Det vert lagt opp til å ved eigeninnsats liste opp dei naudsynte organisatoriske tiltak som er naudsynt for å få ei trafikksikker kommune. Funna her vil bli sendt direkte inn i arbeidet med til dømes planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel m.v.

### Tiltak på vegnettet

Arbeidet med trafikksikringsplanen skal produsere ein rangert liste over naudsynte tiltak på vegnettet både for kommunale vegar og fylkesvegar.

### Lokalisering, arealbruk

Planen vil vere retningsgivande for kommuneplanarbeidet og arealbruk kan felle bort eller utbygging kan få rekkjefølgjekrav som direkte følgje av trafikksikringsplanen.

### Øvrig

Planen vil ut frå funn i analysane og sjå på moglegskap for trafikkinformasjon, ITS og kontroll og overvåking .

Med helsing

Kenth Paul Opheim

Teknisk sjef, Samnanger kommune

56 58 74 42



Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande epost vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.